

# Rekruttering og tilsetting av rådmann – Nye Sogndal kommune

## Stillingsinformasjon - ønska kvalifikasjonar

Nye Sogndal kommune har søkt etter ein trygg rådmann/kommunedirektør med erfaring frå omstillings- og utviklingsarbeid. Vi har sett etter ein leiar som evner å kombinere strategisk tenking med ein operativ arbeidsstil, og som vert motivert av det totale leiaransvaret som ligg i stillinga. Vi har vore opptekne av kommunen si rolle som samfunnsutviklar og tilretteleggjar og har sett det som avgjerande at ein ny rådmann skal vere ein som kan etablere gode relasjonar mot næringslivet og andre eksterne samarbeidspartnarar.

Vi har sett etter ein tydeleg og synleg leiar med god økonomiforståing, gode kommunikasjonsevner og ein motiverande og samlande leiarstil. Vidare har vi fokusert på at dei gode kandidatane skal ha god forståing for rolledeling mellom politikk og administrasjon, dei må trivast med å leie prosessar og ha god innsikt i gjeldande lov- og avtaleverk. Høgare relevant utdanning, og dokumenterte resultat frå tidlegare leiarstillingar har blitt vektlagt.

## Annonsering/søk:

Stillinga har vore kunngjort på ulike annonseringsplattformer, både på print og på nett. Annonse har vore i Sogn Avis (print), heile Nordfjordsamkøyringa (print og nett), Bergens Tidende (print) på finn.no., LinkedIn, kommunane sine nettsider og Mercuri Urval sine nettside.

Det har og vore utført målretta søk etter kandidatar.

## Prosess

Proessen etter avslutta søkeperiode:

- Screening av søkarar/søkarliste. Tilsetjingsutvalet saman med Mercuri Urval (MU)
- Innleiande intervju, Mercuri Urval (MU) saman med tilsetjingsutvalet
- Gjennomføring av testar (MU)
- Testintervju/djupintervju (MU)
- Det er innhenta referansar på alle finalekandidatane (MU).
- Finaleintervju Mercuri Urval og tilsetjingsutvalet

## Dei som har gjennomført prosessen

Tilsetjingsutvalet har vore:

Jarle Aarvoll, Arnstein Menes, Trude Risnes, Åge Skred og Siv Laila Eriksen

Frå Mercuri Urval:

Ole Petter Bratteberg og Gro Reinertsen.

### **Søknadar - vurdering av søkerane**

Ved utløp av søknadsfristen hadde det meldt seg 9 søkerar til stillinga. Av desse var det tre som trekte seg etter å ha fått avslag på søknad om å vere unnateke offentlegheit og ein som trekte seg seinare i prosessen. To kandidatar fekk innvilga å vere unnateke offentlegheit. Av dei 6 som sto igjen på søkerlista ved søknadsfristen var det fem menn og ei kvinne.

Fire av søkerane på søkerlista blei inviterte til innleiande intervju. Den eine kandidaten trakk seg i prosessen.

### **Intervju og referansar**

Etter dei innleiande samtalanane blei tre kandidatar frå søkerlista inviterte til testing med påfølgande testintervju. Dette var:

- Tor Einar Holvik Skinlo
- Oddbjørn Ese
- Ellen Marie Njøs Lillevangstugu

I tillegg til dei faglige kvalifikasjonane og erfaringane, blei det i intervju lagt vekt på i kva grad kandidatane evner å tenkje utvikling, heilskapleg og strategisk, samstundes som vi fokuserte på andre leiareeigenskapar og samarbeidsevner. Evne til å kommunisere godt på ulike nivå i organisasjonen samt evne til å påverke og motivere andre blei særskilt vektlagt. Eigenmotivasjon og «drive» blei og kartlagt. Andre grunnleggande element i intervju var kandidatane sin arbeidsstil, sosiale eigenskapar, motivasjon og utviklingsområder. Dette var og viktige element i referanseintervju.

### **Tilråding**

Tilsetjingsutvalet vil tilrå at Atle Ellen Marie Njøs Lillevangstu blir tilsett som rådmann i Nye Sogndal kommune

Vurdering av kandidaten støttast av gjennomførte intervju, testar og referansar.

For fleire detaljar, sjå CV.

### ***Personlege eigenskapar***

Tilnærming til arbeidsoppgåver / avgjersler

Lillevangstu er ein energisk og drivande person. Kandidaten står fram som strategisk, likar å arbeide med overordna problemstillingar, meir enn med detaljer. Samstundes likar ho å vere operativ og tett på det som skjer i organisasjonen. Ho er oppteken av å involvere og delegere tidleg. Ho ønskjer at leiargruppa og andre nøkkelpersonar tek eigarskap til oppgåver saman med henne når dette er høveleg. Likar i stor grad å gje tillit til dei ho arbeider saman med, og referansane framhevar hennar eigenskap til å lyfte fram og utvikle medarbeidarar.

Kandidaten står fram som god på å sikre framdrift og ta avgjersler.

## **Sosialt**

Lillevangstu opplevast som sosial og ho kjem lett i kontakt med andre. Ho tek gjerne ordet og merksemda når det er naturleg og rett, men er oppteken av at folk rundt ho får den plassen dei fortener. Ho vert oppfatta som open og inkluderande. Er direkte og tydeleg i sin kommunikasjon, ikkje redd for å seie kva ho meiner. Ho skildrast som lojal og god på å skape motivasjon og engasjement rundt seg. Hennar energi smittar ofte over på andre

## **Motivasjon**

Ho vert motivert av å drive prosessar og få ting til. Likar seg godt i leiarroller der ho har moglegheit til å påverke og ta avgjersler. Ho vert motivert av at folk rundt ho lukkast.

## **Utviklingsområder / råd til politisk leiing**

Kandidaten har ikkje nyare erfaring frå kommunal forvaltning (Tidlegare erfaring frå fylkeskommunen), men har svært god kjennskap og erfaring frå offentleg forvaltning på statleg nivå. Hennar høge energinivå og sterke driv kan vere ei utfordring for nokre, men ho kombinerer dette med ein godt utvikla energi som gjer at ho ser folk rundt seg.

## **Oppsummering**

Kandidaten framstår som ein utviklingsorientert, handlekraftig, drivande og synleg person, som er tydeleg og resultatorientert. Dette kombinerer ho med gode mellommenneskelege eigenskaper som gjer at ho får med seg folk og blir godt likt både som leiar og kollega. Ho har god kjennskap til, og forståing for, samspelet mellom politikk, administrasjon og fag. Lillevangstu har høgare utdanning og solid leiarerfaring/dokumenterte gode leiareigenskapar. Vi opplever at Ellen Marie Njøs Lillevangstu kan fylle rolla som rådmann i Nye Sogndal kommune på ein god måte og anbefalar henne til rolla.

27. september 2019

Jarle Aarvoll  
Arnstein Menes  
Trude Risnes  
Åge Skrede  
Siv Laila Eriksen